

Ordet Frikt

F.T. 28.4.93

Ingen april-spøk — nei!

Takk for svaret frå Rasmus Støyva i F.T. 16.4.93. Renta for dei store bankinnskot har før vore kring 10 prosent, slik eg rekna med. Det var den naturmotstridande pengeveksteren eg var interessert i å peike på. Å gå inn på skatt og inflasjon var ikkje mi oppgåve. Men at R.S. gjer det, har eg sjølv sagt ikkje imot. Det som er viktig i denne samanheng er netti dette som R.S. skriv: «Når det gjeld låntakaren, så er det dei som må betale heile greia + forteneista til banken og skatten av den.» (Sitat slutt.)

Her vi eg berre få leggje til: Rente kjem inn i alle løner og prisar og vert dermed ein fordyrande faktor. Arbeidslønene må opp tilsvarende. Løner og kapitalkostnader vil tilsaman auke prisane. Produksjonen vert for dyr — kan ikkje tevla. Arbeidsløysa aukar.

Eit «høgkostnadsland»? Ja, sjølv sagt er det kostesamt å leve her med vårt klima. Vi treng meir energi i form av mat, klede, hus osv.

Men tenk om vi kan frigjere oss frå den fordyrande renta? Det ville vere stor lette i tevlinga med dei som ikkje kan frigjere seg. Då vil dei leggje hindringar i vegen for oss, seier du. Ja, lat oss tenkje oss dei vil få oss i tvangslode. Det kan dei berre greie dersom dei no får oss til å tilpasse oss EF med å nedbygge jordbruket og matproduksjonen.

Sigurd Lyngstad

F.T. 28.4.93 Ingen aprilspøk — svar 2

Overtrua på pengeveksteren blir ikkje mindre fårleg fordi om «samfunnet» får tre gonger så mykje som «innskytar», etter Rasmus Støyva sine tal.

Altså: 1 million kroner med 9 prosent rente gjev 90 000 kroner. Av dette får «samfunnet» 45 000 og «innskytar» 15 000, men både «samfunnet» og «innskytar» taper i kjøpekraft — «inflasjonstap» 30 000 kroner.

Kvifor skal det vere så vanskeleg å sjå at både det som blir rekna som «vinning» og «tap» i dette reknestykket har si rot i truga på pengeveksteren? Vi må no forstå at i det røynelege

kan ikkje pengar vekse. Den lekse må alle lære å forstå. Og det hastar, før vi for alvor kjem inn under, og vert hjelpalaust botne, til den store svinde-len som vil sluke all verda.

I denne samanheng kan det høve å minne om det Jon Leirfall peika på for mange år sidan i ei av bøkene sine. Sekken med likt og ulikt, kalla brutto-nasjonalproduktet (BNP). D.v.s. i den «sekken» er rota saman det som er røynelege samfunnskostnader med det som er arbeid vi alle treng for å leve. Den som rettar opp skakkøyrde bilar skal sjølv sagt ha løn og mat, men vi må

få det fram i samfunnsrekneskapen at det er kostnad for samfunnet, og bøa vere i ein annan «sekk». Men når det ikkje har vorte gjort, har dei fått det til at maten er for dyr, endå om dei som arbeider med det mest livsviktige for alle er sterkt underbetalte i høve til dei som arbeider med mindre viktige ting.

Har vi for mange som tener godt og lever høgt på mindre viktige ting, ja skadelege, og såleis ikkje er personleg interesserte i sakleg meiningutveksling om slike samfunnsviktige spørsmål?

Sigurd Lyngstad

104186